



# orientering

Medlemsblad for Rogaland Nei til EU nr. 1/2020

## VALET ER EØS ELLER HANDELSAVTALE

Landsmøtet i Fellesforbundet, Norges største fagforbund i privat sektor, krev ei utgreiing av alternativ til EØS. Misnøyen med avtalen er stor, men kva skjer den dagen Norge seier den opp?

Dersom EØS-avtalen blir sagt opp, og ingenting anna blir vedtatt, vil handelsavtalen frå 1973 regulera handelen mellom Norge og EU-landa. Det er slått fast i EØS-avtalen. Denne handelsavtalen er aldri sagt opp, den gjeld enno, og blei sist oppdatert i 2016. Det er fullt mulig å arbeida for andre alternativ, som for eksempel fullt EU-medlemskap eller ein revidert handelsavtale, men ein ting er sikkert: det blir ikkje kaos dersom EØS-avtalen blir sagt opp. Alternativet, handelsavtalen frå 1973, vil automatisk overta. Spørsmålet er derfor: kva er me mest tjent med, EØS eller handelsavtale?

I fjor fekk me to meningsmålingar om nordmenns støtte til EØS-avtalen, begge gjennomført av det same meningsmålingsinstituttet, Sentio i Trondheim. I juli fekk me vita at 61 % ville ha stemt ja til EØS-avtalen dersom det blei folkeavstemning i morgon, 25 % ville stemt nei. I november fekk me vita at når folk blei spurt om å velja mellom EØS og handelsavtale, var det dødt løp. **35 % vil helst ha EØS, 35 % vil helst ha ein handelsavtale, 31 % veit ikkje.**

Støtten til EØS bygger i stor grad på reine misforståingar. Folk trur me får toll på produkt me sel til EU-land eller risikerer kaos, utan avtalar som sikrar handelen, dersom EØS-avtalen blir sagt opp. Slike misforståingar blir aktivt spreidde av mange EU-tilhengarar, endå dei burde vita betre. **Me treng ein sakleg debatt om EØS, ein debatt bygd på fakta!**



Leiv Olsen, leiar i Rogaland Nei til EU

## STORBRITANNIA ER UTE AV EU

31. januar er ikkje lenger Storbritannia medlem av EU. Då begynner ein overgangsperiode som skal ta slutt 31. desember, og i løpet av den perioden skal Storbritannia og EU forhandla om framtidige samarbeidsformer.

Det blei spådd at Brexit ville føra til kaos. Boris Johnson førte landet utfor stupet, med Brexit ville det ikkje lenger gå fly til EU, og Storbritannia ville komma til å mangla mat og medisinar. Parlamentsvalet 12. desember gav Boris Johnson klart mandat til å få Brexit gjennomført, og straks steig pundet og aksjekursane på børsen. Næringslivsleiarane trudde ikkje på sine egne skremslar.

Her i Norge opplevde me det same føre folkeavstemningane både i 1972 og i 1994: ja-sida, tungt støtta av leiarane i dei store industribedriftene, hevda at arbeidsplassane ville forsvinna til EU-landa dersom folket sa nei. «Kva trur folk dei skal leva av?» var Statoil-direktør Harald Norviks kommentar då nei-fleirtalet var eit faktum i 1994. Erttertida viste at Norge klarte seg langt betre enn kva EU-landa gjorde. Norge blei kåra til verdas beste land å bu i. No får me høyra at nei-sida i Norge ikkje er solidariske, for me vil halda rikdommane vår for oss sjølv og ikkje dela med EU som har så store problem. Samtidig som me får høyra at EØS må me ikkje tukla med, for *då* risikerer me at arbeidsplassane forsvinn!

Framtida vil visa kven som vil klara seg best, Storbritannia eller EU. Mitt tips er at det vil gå godt for landet som held seg utanfor både EU og EØS. Brexit kan bli begynnelsen på slutten for heile EU-prosjektet.

Ein av parolane i 1. mai-toget i Stavanger 2019:



## FAKTA OM EØS

- ★ Føremålet med EØS er Romatraktatens (og EUs) fire «friheter», det vil seia fri og uhemma bevegelse for kapitalen i heile EØS-området.
- ★ EØS-avtalen er norsk lov med forrang føre andre lovar.
- ★ EØS-avtalen kan seiast opp med eitt års varsel; etter det vil handelsavtalen frå 1973 regulera all handel med EU-landa.
- ★ Alle standardar for vareslag som er avtala som følgje av EØS-avtalen, blir ståande også etter at avtalen eventuelt blir sagt opp, med mindre Stortinget vedtar noko anna.
- ★ EU har handelsavtalar med andre land over heile kloden. Bare EØS-landa (Norge, Island, Liechtenstein) har avtalar som gir EU rett til å diktera lovane i landet dei handlar med, og på andre måtar overstyra innanlandske forhold i landet dei handlar med.
- ★ Dersom me seier opp EØS-avtalen, blir handelsavtalen frå 1973 ståande, me kan halda fram med å ha dei same standardar som EU på alle vareslag der me finn det ønskjeleg, men me treng ikkje lenger følgja nye diktat frå Brussel.
- ★ I 2017 gjekk 75 % av all norsk eksport til EU-landa. No, med Storbritannia ute av EU, blir dette redusert til rundt 50 %.
- ★ Vår største eksportmarknad for olje og gass er Storbritannia, som no går ut av EU.
- ★ Fastlandsindustriens eksport til EU nådde toppen rundt 1994, då EØS-avtalen trådde i kraft. Med EØS-avtalen har me fått eit stadig aukande underskot i fastlandsindustriens handel med EU-landa.

## ÅRSMELDING 2019

Rogaland Nei til EU hadde årsmøte 9. februar 2019 og valde då dette styret:

Leiv Olsen (leiar)  
 Gunnar Sirevåg  
 Kate Elin Norland  
 Marthe Lien Hamre  
 Tron Håland  
 Remy Penev  
 Wenche I. Sola  
 Neill Staurland  
 Terje Lund  
 Helge Stølen Reiestad  
 samt ein representant for Ungdom mot EU

vara Olav Gjesteland  
 Sara Nustad Mauland  
 Anita Utsola  
 styret fekk fullmakt til å oppnemna ein fjerde vara (kvinne)

Styret har hatt seks styremøte. Ungdom mot EU har blitt invitert, men ikkje deltatt på styremøta. På konstituerande styremøte 26. februar blei Gunnar Sirevåg og Wenche I. Sola valde til nestleiarar, Remy Penev til fagleg ansvarleg, Marthe Lien Hamre og Kate Elin Norland til kvinnekontaktar, Tron Håland til standssjef, Wenche I. Sola og Gunnar Sirevåg til administratorar på facebook-sida. Styret opp-



Aksjonsdagen mot jernbanepakke 4. Leiv Olsen i forgrunnen, bak litt av fanemarkeringa. Foto: Eirik Faret Sakariassen.



Frå fanemarkeringa mot jernbanepakke 4, Stavanger 10. oktober. Foto: Eirik Faret Sakariassen.

nemnde Wenche Haugen Havrevold til den 4. varaplassen i styret.

I løpet av 2019 har styret vore representert på rådsmøtet i Nei til EU sentralt 6.-7. april (Leiv Olsen og Wenche I. Sola) og 30. november (Leiv Olsen og Kate Elin Norland), på fylkesleiarsamling i Nei til EU sentralt 24. mai (Gunnar Sirevåg og Anita Utsola), på fylkesleiarkonferansen i Nei til EU sentralt 27. september (Kate Elin Norland og Olav Gjesteland) og på fagleg konferanse 5. april (Leiv Olsen, Wenche I. Sola). På jubileumsfesten i Nei til EU 29. november deltok Leiv Olsen, Kate Elin Norland, Marthe Lien Hamre og Tron Håland frå styret og dessutan desse medlemmene i Rogaland Nei til EU: Olaf Gjedrem (nestleiar i Nei til EU på landsbasis), Eldar Myhre (rådsmedlem i Nei til EU), Wenche Iversen, Åsmund Kalstveit, Oddny Skjold, Kari Sivertsen, Ingrid Schjelderup og Geir Egil Skrunes.

Styret har løyvd kr. 50 000 til utredning om ACER/energipakke 4, kr 30 000 til utredning føre landsmøtet i Fellesforbundet om ACER og verftsdommen og kr. 3000 til SMEØS (Sosialdemokrater mot EØS).

Energipakke 4 er ei oppfølging av EUs energipakke 3 som oppretta energibyrådet ACER. Energipakke 4 gir ACER endå fleire fullmakter, på kostnad av dei enkelte statane. Då utredninga låg klar, arrangerte styret eit ope møte i Folkets Hus i Stavanger 11. april.

Stortinget vedtok i fjor å slutta seg til ACER, men vedtaket er enno ikkje sett i verk, då det fyrst må behandlast av den såkalla EØS-komiteen i EFTA. Energipakke 4 er enno ikkje behandla av Stortinget. Rettssaka som Nei til EU sentralt har reist mot regjeringa for brot på

Grunnloven, blei avvist av Oslo tingrett, men avvisninga er anka til lagmannsretten.

Styret sende brev til dei enkelte fylkespartia føre kommunevalet med spørsmål om korleis dei stilte seg til forslaga frå det såkalla Hjelmeng-utvalet. Forslaga inneber eit radikalt inngrep i det kommunale sjølvstyret. Fire parti, Rødt, SV, Senterpartiet og MDG, svara at dei ville avvise forslaga frå utvala. Me fekk også svar frå Høgre, Venstre og KrF, men ikkje frå Frp og Arbeidarpartiet. — Det er enno ikkje klart korleis regjeringa vil følgja opp Hjelmeng-utvalets innstilling.

LO i Stavanger og omegn og fagforeningane i jernbanen tok initiativ til aksjonsdag mot jernbanepakke 4 10. oktober. Rogaland Nei til EU deltok på aksjonsdagen. Saman med tillitsvalde i LO delte me ut løpesedlar på jernbanestasjonane både i Stavanger og på Bryne, fagforeningane hadde fanemarkering i Stavanger, og det var appellar i Stavanger. Leiv Olsen heldt appell på vegne av Nei til EU. Dan Thomas Haugland, Anna Serina Haugland, Leiv Olsen, Kate Elin Norland, Olav Gjesteland, Arne Kverneland og Olav Lian var alle med å spreia løpesedlar den dagen. — Jernbanepakke 4 er enno ikkje behandla av Stortinget; saka har vore utsett fleire gonger.

Same dagen blei det stifta nytt lokallag, Klepp og Time Nei til EU, med Dan Thomas Haugland som leiar. Styret i det nye lokallaget har spreidd mykje materiell i Klepp og Time. Med dette har me tre lokallag i fylket: Stavanger, Sandnes, Klepp og Time.

Me har halde stands på Sirdalsdagane 31.8.-1.9. (Tron Håland og Kari Sivertsen), Frukt- og laksfestivalen i Hjelmeland 7.-8.9. (Leiv Olsen og Knut Vadla), Bjerkreimsmarken 27.-29.9. (Tron Håland, Kari Sivertsen, Arne Kverneland og Olav Lian) og på Rogalandskonferansen 18.-20.10. (Leiv Olsen).

Styret har gitt ut to nummer av medlemsbladet «Orientering» og halde stor aktivitet på facebook-sida til Rogaland Nei til EU, administrert av Gunnar Sirevåg og Wenche I. Sola. Heimesida <https://neitileu.no/fylke/rogaland> har ikkje vore prioritert, men eit fåtal hendingar har blitt slått opp også der.

Rekneskapan viser eit underskot på rundt 30 000 siste året.

Nedgangen i medlemstalet held fram, då nyrekrutteringa ikkje er stor nok til å vega opp for avgangen. Ved siste årsskiftet hadde Rogaland Nei til EU 1857 betalande medlemmer, mot 1933 året før.

Leiv Olsen  
leiar  
Rogaland Nei til EU



Frå 1. mai-markeringa i Stavanger 2019. Foto: Arne Kverneland.

Frå jubileumsfesten i Oslo 29. november, 25 år etter at folket for andre gong sa NEI til norsk EU-medlemskap. Rødt Kor syng; i forgrunnen sit Leiv Olsen, leiar i Rogaland Nei til EU. Foto: Gerhard Prøsch.



Returadresse: Rogaland Nei til EU v/Leiv Olsen,  
Admiral Cruys gate 24, 4012 Stavanger

## INNKALLING TIL ÅRSMØTE I ROGALAND NEI TIL EU 2020

**Me kallar inn til årsmøte i Rogaland Nei til EU  
laurdag 15. februar kl. 11.30-14.30  
på Quality Residence Hotel, Julie Eges gate 5, Sandnes**

Forslag til uttalelser kan sendast til  
Rogaland Nei til EU v/Leiv Olsen,  
Admiral Cruys gate 24, 4012 Stavanger,  
eller på meil til:  
leolsen@online.no

### SAKSLISTE FOR ÅRSMØTET

- 11.30 Velkomst
- Konstituering
- Godkjenna innkalling og saksliste
- Velja ordførar og referent
- Velja to som skal skriva under protokollen
- Årsmelding for 2019
- Rekneskap for 2019
- Arbeidsplan for 2020
- Innkomne forslag og uttalelser
- Budsjett for 2020
- Velja styre, revisor og valkomité
- Helsingar
- 12.30 Pause med enkel servering
- 13.00: EØS eller handelsavtale?
- Innleiing ved **Kathrine Kleveland, leiar i Nei til EU**
- Spørsmål og debatt
- 14.00 Lunsj



Kathrine Kleveland, leiar i Nei til EU,  
kjem til årsmøtet



[www.neitileu.no](http://www.neitileu.no)